

---

Saksnr: 2020/48608-21  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Notat frå Deloitte gjeldande meirarbeid i samband med forvaltningsrevisjon innan tannhelse

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune godkjenner ein auke på 160 timar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan tannhelse slik at den totale ramma på dette prosjektet blir på 612 timar.

**Samandrag**

Det har vist seg at Deloitte har møtt på fleire utfordringar undervegs i denne forvaltningsrevisjonen enn det som er vanleg ved gjennomføring av slike prosjekt. Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til notat frå Deloitte, der dei på bakgrunn av dette ber om å få godkjent fleire timar.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

1 Notat - timeforbruk

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 11.05.2020 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan tannhelse frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2020.*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
4. *Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigerert prosjektplan.*
5. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.*
6. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2020, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Redigert prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan tannhelse i tråd med punkt 2 og 4 over vart godkjent i e-post til Deloitte 27.05.2020 og har slikt føremål:

*Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om prioriterte grupper tannhelsetenester får tilbod om dette og om økonomistyringa knytt til tannhelsetenesta er tilfredsstillande.*

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. *I kva grad gjev Vestland fylkeskommune eit tilfredsstillande tilbod om tannhelsetenester til prioriterte grupper, i samsvar med regelverket?*
  - a. *Gjev fylkeskommunen eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til prioriterte grupper, jf. lov om tannhelsetenester §1-3?*
  - b. *Er det etablert rutinar og retningsliner for å sikre at dei prioriterte gruppene får informasjon om den tannhelsetenesta dei har krav på?*
  - c. *Har fylkeskommunen tilstrekkelege rutinar for å identifisere prioriterte brukargrupper sitt behov for tannhelsetenester?*
  - d. *I kva grad blir pasienter henvist til TOO-teama i fylkeskommunen (eit tilrettelagt tannhelsetilbod til tortur-og overgrepsetatte og personar med sterk angst for tannbehandling)?*
  - e. *I kva grad er samhandlinga mellom fylkeskommunen og andre tenesteytarar innan helsevesenet (t.d. kommunale etatar og institusjonar) tilfredsstillande, når det gjeld å sikre tilbod om tannhelsetenester til prioriterte brukargrupper?*
  - f. *Korleis sikrar fylkeskommunen at tilbodet til betalande pasientar ikkje går ut over tilbodet til dei prioriterte gruppene?*
  - g. *I kva grad opplever tilsette ved tannklinikane at dei har ein ressursituasjon som gjer at dei kan gje tannbehandling av god nok fagleg kvalitet?*
    - i. *I kva grad er økonomiske omsyn styrande for kva behandlingsform ein vel for den einskilde pasient?*
  - h. *I kva omfang mottek tannhelsetenesta klagar?*
    - i. *Kor mange av klagarane får medhald når dei klagar til fylkeskommunen?*
    - ii. *Kor mange saker blir sendt vidare til fylkemannen i Vestland og kva er resultatet i desse sakene?*
2. *I kva grad ivaretek fylkeskommunens sitt ansvar for å forebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep?*

- a. *I kva grad opplever tannklinikkane i Vestland at det er lagt til rette for at dei er i stand til å førebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep?*
    - i. *I kva grad meiner tilsett ved tannhelsetenesta at dei har tilstrekkeleg kompetanse til å avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep?*
    - ii. *I kva grad meiner tilsett at det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet med å førebygge, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep*
  - b. *I kva grad melder tilsette ved tannklinikkane i Vestland eventuell bekymring til barnevernet?*
3. *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg økonomistyring innan tannhelsetenesta? a. Har fylkeskommunen gode system for å sikre realistisk budsjettering innan tannhelsetenesta?*
- a. *Har fylkeskommunen tilfredsstillande system for å skilje mellom inntekter (inkludert tilskot) og utgifter knytt til tannhelsetenesta sitt spesialisttilbod, tilbod til prioriterte grupper og tilbod til vaksne betalande pasientar?*
  - b. *Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for fakturering av betalande klientar?*

**I møte i kontrollutvalet 25.11.2020 i samband med Deloitte si statusrapportering på arbeidet vart m.a. dette protokollert:**

*«Det kom m.a. fram at levering av rapport er vorte forseinka og ny frist for levering vert sett til 27.01.2020.»*

**I møte i kontrollutvalet 15.02.2021 i samband med Deloitte si statusrapportering på arbeidet vart m.a. dette protokollert:**

*«Handsaming i møte*

*Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan tannhelse og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.*

*Det kom m.a. fram at det er usikkert om dei kan klare å levere revisjonsrapporten til 01.03.2021. Sidan rapporten likevel ikkje vi komme til handsaming i fylkestinget før i juni 2021 vart utvalet samde om ny frist for levering av revisjonsrapport til 19.04.2021 slik at den kan handsamast i kontrollutvalet 10.05.2021.*

*Med desse endringane i punkt 2 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

**Vedtak**

1. *Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av tannhelse vert send sekretariatet innan 19.04.2021 slik at den er klar til handsaming i møte i utvalet 10.05.2021.»*

**I møte i kontrollutvalet 22.03.2021 i samband med Deloitte si statusrapportering på arbeidet vart m.a. dette protokollert:**

*«Handsaming i møte*

*Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan tannhelse og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.*

*Det kom m.a. fram at det har gått med ein god del fleire timar til denne forvaltningsrevisjonen enn det som ligg i den godkjende prosjektplanen. Deloitte vil levere eit notat til neste møte der dei gjer greie for årsaka til meirforbruket og kor mange ekstra timar dei ber om å få dekkja.*

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte levere eit notat til sekretariatet innan 19.04.2021, der dei gjer greie for meirarbeidet dei har hatt med forvaltningsrevisjon innan tannhelse, og kor mange ekstra timar dei ber om å få dekkja. Dette skal leggjast fram som sak i kontrollutvalet i møte 10.05.2021.»*

#### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

#### Vurderingar og verknader

Av den godkjende prosjektplanen frå mai 2020 går det fram at det skulle gå med 452 timar til denne forvaltningsrevisjonen. I tillegg til dette er det lagt inn ein opsjon på presentasjon for fylkestinget med inntil 6 timar per fylkesting.

Det har frå Deloitte si side ved fleire høve munnleg vore antyda at dei har brukt fleire timar enn det som ligg i godkjend prosjektplan utan at det var klart og tydeleg kommunisert omfanget på dette. Meirforbruket på timar skuldast at det viste seg undervegs i arbeidet at Deloitte har møtt på fleire utfordringar i denne forvaltningsrevisjonen enn det som er vanleg.

På bakgrunn av dette, og i tråd med vedtaket over, har Deloitte levert eit notat til kontrollutvalet der dei gjer greie for det totale meirforbruket og årsakene til dette. Notatet ligg ved.

I notatet har sekretariatet m.a. merka seg dette:

*«I det alt vesentlege er årsakene til det auka timeforbruket knytt til datakompleksitet og at det har vore krevjande å få dei svara og opplysningane vi har hatt behov for. Dette har medført både forseinkingar og auka tidsbruk i prosjektet. Vi vil likevel nemne at vi også har hatt noko meirarbeid knytt til gjennomføring av spørjeundersøkinga (distribusjonslister som måtte ryddast, utsetjing av svarfrist og involvering av leiinga i tannhelsetenesta for å få opp svarprosenten), samt noko meirarbeid knytt til intervju (personar som ikkje har svart/måtte purrest).»*

Vidare har sekretariatet merka seg at Deloitte har slik oppsummering i notatet:

*«Oppsummert har denne forvaltningsrevisjonen vore meir ressurskrevjande enn føresett. Sett i ettertid burde vi truleg vore tydelegere på risikoen for overskridingar som følgje av samanslåingsprosessen, og kanskje også lagt inn eit høgare timetal i utgangspunktet for å ta omsyn til risikoen for auka datakompleksitet som følgjer av dette. Når det gjeld meirarbeid knytt til å hente inn tilstrekkelege svar på spørsmåla våre, er vår vurdering at dette er vanskeleg å planlegge for. Vi ser likevel at vi skulle vore tydelegare undervegs på kva dette ville innebære av timeforbruk, når vi samtidig undervegs har varsla om forseinkingane i prosjektet.*

***Påløpte timar i prosjektet er totalt 649, altså 197 timar meir enn budsjettert. Vi ber om tilbakemelding på om vi kan etterfakturere 160 av desse timane. Då har vi tatt ein del av timane sjølv ettersom vi ikkje i tilstrekkeleg grad hadde tatt høgde for risikoen i prosjektet.»***

Sekretariatet har forståing for dei argumenta Deloitte har framført sjølv om auken i tal timar er monaleg i høve godkjend timeramme. Vidare meiner vi at dei bør få godtgjort ekstra timeressursar i tråd med vedlagte notat. Som det også går fram av notatet vil Deloitte sjølv dekke 37 timar.

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 160 timar slik at den totale ramma på dette prosjektet blir på 612 timar.

Avslutningsvis vil sekretariatet gjera merksam på at det er sjeldan Deloitte har bede om tilleggsressursar ift. pågåande forvaltningsrevisjonar, og det har også vore gode grunnar dei få gongene det har skjedd.

**Konklusjon**

Det vert tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 160 timar slik at den totale ramma på dette prosjektet blir på 612 timar.